

Eikanger-Bjørsvik Musikklag (EBML)

Årsmelding

*Styret i EBML si årsmelding for 2014
Lagt fram for årsmøtet i EBML 13.02.15*

A – Administrasjon

1. Styret

Etter valet på årsmøtet, 14.02.2014, med påfølgjande konstituering, vart styret i Eikanger-Bjørsvik (EBML) samansett slik:

Leiar	: Einar Vaage - 1 år (starta i mars 2014)
Nestleiar, drift	: Viggo Bjørge – 2 år
Nestleiar, planlegging	: Tore Bryne Berg – (ikkje på val)
Styremedlem	: Eirik Helland – 2 år
Styremedlem	: Toril Ones – 2 år
Styremedlem	: Nina Mjanger Eide (ikkje på val)

Varamedlemer:

Frederick Schjelderup, Ingebjørg Myking og Marit Tømmermo – alle for 1 år

Valnemd: Marit Holm, Svein Fjermestad og Sølvi Ones

Styret hadde 10 ordinære møter i 2014. Styret har i tillegg til vanlege styremøte også behandla ei rekke hastesaker via e-post. Varamedlemene har vore innkalla til styremøta.

2. Gruppeleiarforum

Gruppeleiarforumet er rådgjevande i besetningsspørsmål og sesongplanarbeidet. I hovudsak består forumet av gruppeleiarane i korpset som held nær kontakt med fast dirigent Reid Gilje.

3. Korpsutvalet

Utvalet har som oppgåve å syta for at naudsynt informasjon om øvingane vert spreidd til medlemmane. Etter konsertar/prosjekt skal KU syta for at medlemmane evaluerer oppdraget og presentera resultatet på internsidene i etterkant. Dei tar også ansvar for sosiale tiltak i medlemsmassen. Medlemer har vore: Marit Holm (leiar), Fredrick Schjelderup, Trond Helland og Astrid Eide

Utvalet har hatt to møter i løpet av året. Utvalet har i tillegg til vanlege møte også behandla ei rekke hastesaker via e-post.

4. Ungdomsråd

Ungdomsrådet består av Astrid Eide(leiar), Ingebjørg M. Myking og Torstein Sollien.

5. Lønna engasjement

Reid Gilje er tilsett som musikalsk leiar.

6. Revisor

Revisorar i 2014 har vore Bjørnar Eide og Øystein Hagesæther.

B - Økonomi.

2014 var nok eit aktivt år for EBML, men økonomisk vart det ei utfordring då me ikkje fekk fornya FLT-avtalen. Men Addisco auka si støtte frå kr 50.000 til kr 100.000, og samstundes fekk me ensemblestøtte frå Norsk Kulturråd med kr 200.000, ei auke på kr 100.000.

Deltakinga i EM 2014 i Perth var ei stor økonomisk belastning for korpset, me håpar det vert råd å få økt støtte frå nasjonalt hald. I 2015 vert EM arrangert i Freiburg, denne turen vert også kostbar.

Rekneskapen viser eit underskot på meir enn kr 400.000. Kr 300.000 av desse er at me har overført flygelet til Knarvik Kyrkje, etter ein avtale med Inger-Johanne Ektvedt og soknerådet. Såleis er driftsunderskotet ca kr 100.000,-. Styret i 2015 vil derfor ha stort fokus på å betre innteninga og samstundes sjå på korleis ein kan ha ein betre kostnadskontroll. For detaljer viser vi til rekneskapen.

C – Medlemskap

Faste utøvande medlemmer (pr. 31.12.2014)

Jon-Vegar Sole Sundal , Eb kornett (ny)

David Morton, Bb kornett

Marit Holm, Bb kornett

Unni-Renate Moe, Bb kornett

Christopher Røedvang, Bb kornett

Arnfinn Rønneberg, Bb kornett (ny)

Jonathan Midthaug Torsvik, Bb kornett (ny)

Tina Foseide Toklum, Bb kornett
Geir Haukås, Bb kornett
Ingebjørg Eide, Bb kornett
Lena Schønhardt Westgård, Bb kornett
Gyda Matland, Flygelhorn
Alice Fagerdal, Eb horn
Kristin Tømmermo Holmås, Eb horn (ny)
Gerd Karine Eiksrud Lunde , Eb horn (ny)
Tone-Renè Gjendemsjø, Eb horn
Nina Mjanger Eide, Baryton
Astrid Eide, Baryton
Vidar Nordli, Trombone (ny)
Sølvi Ones, Trombone
Tore Bryne Berg, Bass trombone
Patrik Randefalk, Euphonium
Jannicke Eide Ellingsen, Euphonium
Magnus Brandseth, Eb tuba
Trond Helland, Eb tuba
Fredrik Berentsen, Bb tuba
Erlend Gjersvoll Brandsøy, Bb tuba
Kristian Grotle, Bb tuba
Svein Fjermestad, Slagverk
Fredrick Schjelderup, Slagverk

Kim Systad, Slagverk

Martin Kjeilen Steinseide, Slagverk (ny)

Andreas Lien Røe, Slagverk

Utøvande medlemmer i permisjon:

Torstein Tømmermo Holmås, Eb kornett

Henning Anundsen, Bb kornett

Torstein Sollien, Slagverk

Mathias Johan Matland, Slagverk

Øvrige medlemmer:

Einar Vaage

Viggo Bjørge

Eirik Helland

Reid Gilje

Toril Ones

Marit Tømmermo

Ingebjørg Myking

Medlemmar som slutta ila 2014:

Anne Lise Sæterdal

Kai Lindal

Aidan Smith

Grethe Tonheim

Æresmedlemmer

Svein Jarle Bjørsvik
Sigurd Gjelsvik
Oddvar Bjørge
Ivar Nordland
Viggo Bjørge
Edy van Asch
Helge Haukås
Bjørn Olav Hagesether
Øystein Hagesæther
Johannes Kalvik
Tom Brevik
Knut Harald Rydland
Odd Idar Bjørsvik
Howard Snell
Rolf Bjørge
Rune Mjanger
Per Herland

Det vart ikkje utnemnd nye æresmedlemmer i 2014.

Støtteapparat

Støtteapparatet har bidratt nok ein gong med uvurderleg støtte under korpset sine konsertar. Me takkar Per Herland, Oddvar Bjørge og Øystein Hagesæther som har vore på plass når slagverk skal berast og fraktast, og når lunsjmat skal lagast. Korpset skuldar dei stor takk!

D – Reiser og turnear

EBML deltok i EM i Perth, Skottland i mai, turné til Stavanger 13-15 juni og Siddis Brass i november.

E – Instrument, effektar, bilhald

Musikklaget eig musikkinstrument og utstyr for store verdier. EBML eig ein MAN lastebil 1998-modell med lift, som vert nytta til frakt av slagverk. I tillegg til eigne instrument eig laget òg eit Yamaha C7 konsertflygel, ei gåve frå Inger Johanne og Roar Ektvedt. Sjå vedleggsdelen for detaljar. Flygelet vart oktober 2014 i fellesskap med Inger Johanne og Roar Ektvedt gitt vidare i gåve til Knarvik Kyrkje.

F – Instruksjon

Dirigentar har vore:

Reid Gilje (fast dirigent), David King, Bengt Florvåg, Bjarte Engeset og Ingar Bergby.

Instruktører:

Frode Rydland, Phillip McCann, Sindre Dalhaug, Frode Amundsen,
Christian Holter, Tormod Flaten og Manuel Hofstatter.

G – PR, media, marknadsføring

www.ebml.no

Styret har som ambisjon at sidene skal vera aktuelle og gje både eksterne og interne brukarar informasjon om laget sin aktivitet. Besøket på sidene varierer med årstida, med tydelege toppar like etter t.d. NM og Siddis. Styret konstaterer at den nye løysinga ikkje fungerer optimalt, og har starta ein prosess for ei ytterlegare fornying.

Det vert kontinuerleg arbeida med å halde oppe EBML sin profil, og ein søker stadig å finne nye stader å få gjennomslag for våre presseoppslag. Dei store konsertane våre får regelmessig omtale på det skjer-sidene i Bergens Tidende, Bergensavisen, Avisa Nordhordland og Strilen

Me har ein annonseavtale med BT som gjev god rabatt på annonsar for konsertserien. EBML har også avtale med Avisa Nordhordland om annonsering og samarbeid om lysfesten.

Bransje- og nisjeredaksjonar er generelt opptatt av EBML sine prosjekt. Me er jamleg omtalt i musikkorps.no, Brass Band World, The Brass Herald, British Bandsman og 4barsrest. NRK P2 har spelt musikk av EBML ved fleire høve, til liks med BBC radio.

Videoar av EBML lagt ut på nettstaden youtube.com har og vore sett av mange.

EBML har også stor aktivitet og mange følgjarar på sosiale medier som Facebook, Twitter, Instagram og SnapChat.

H - Representasjon

Eirik Helland er leiar i regionstyret i NMF Hordaland.

Viggo Bjørge er med i kontrollkomitèen i NMF Hordaland

EBML var også i 2014 "Born to Play" ambassadørar for NMF.

I – Organisasjon

EBML er medlem av Norges Musikkorps Forbund, og sorterer under regionen NMF Hordaland.

J – Lagshus og øvingsrom

Musikkhuset vert nytta meir og meir. I tillegg til dei faste brukarane EBML, Oster Brass og Knarvik Skulekorps, har det også vore utleigd til fleire

andre korps. Her kan nemnast Bjørsvik Brass og Kleppe Musikklag. Begge desse korpsa er med og hjelper oss på Feriespel og anna.

Andre korps frå Hordaland har òg vore her, samt musikklag frå både Sogn og Fjordane og Rogaland.

Huset vert også nytta til samlingar for EB-junior og instrumentgrupper. Det er òg nokre som har einetimar her. Til no har EBML dekkja alle driftskostnader, men desse skal i framtida fordelast på dei faste brukarane.

I løpet av 2014 vart det bygd ein mezzanin i øvingsrommet, for å auke lagerkapasiteten.

K – Konkurransar

Noregsmeisterskapen (7. og 8. februar)

Dirigent: David King

Pliktnummer: Mutant Sonorities: Torstein Aagaard-Nilsen

Sjølvvald: Goldberg 2012: Svein-Henrik Giske

Plassering: 1

Gruppepris: tuba EBML

Europameisterskapen (2. og 3. mai)

Dirigent: David King

Pliktnummer: Muckle Flugga: Rory Boyle

Sjølvvald: Goldberg 2012: Svein Henrik Giske

Plassering: 2

Siddis (1. november)

Program:

American Salute: Morton Gould arr: Reid Gilje

Send in the Clowns: Stephen Sondheim arr: Frode Rydland (solistar Gyda Matland og Vidar Nordli)

On the Town: Leonard Bernstein arr: Ray Farr

Godzilla eats Las Vegas: Eric Whitacre arr: Reid Gilje

Dirigent: Reid Gilje

Plassering: 2

Solistpris: Vidar Nordli

L – Ungdomsprogrammet

EBML satsar sterkt på rekrutteringsarbeid i lokalmiljøet. Dette er viktig for skulekorpsa i regionen og for korpset sjølv på sikt.

Sumaren 2014 arrangerte vi Feriespelet for 17. gong. Også i år var det ein stor suksess, kring 80 ungdomar var med. Dei eldste fekk tilbod om å kome torsdag, slik at dei fekk ein dag meir enn resten. Dirigentar var

Christopher Røedvang, Henning Anundsen og Jannicke Eide Ellingsen.

Sitt-inn vart gjennomført med fleire av dei lokale skulekorpsa før dei skulle ta del i NM for skulekorps.

EB-junior hadde samling i Musikkhuset i Knarvik 5. og 6. april under leiing av Sturle Berntsen. Samstundes var det samling for aspirantane laurdag 5. april på Knarvik ungdomsskule. Denne vart leia av Svein Fjermestad.

30.april hadde EBML konsert I Grieghallen saman med EB-Junior. EBjr sin solist ved konserten var Viljar Bjørsvik Rath. Manger Skulemusikklag deltok også med sitt program som dei skulle framføre i EM i Skottland.

I byrjinga av juni arrangerte EBML konsert på Knarvik Ungdomsskule med Ostereidet Skulemusikk som gjestar. I oktober hadde EBML konsert med Lindås Skulekorps.

27.-28 september var det ny samling for EB-junior. Denne gong var Vidar Nordli dirigent. Samlinga for dei mellomste på Knarvik Ungdomsskule 27. september vart leia av Jannicke Eide Ellingsen.

Det har vore to trombonesamlingar i 2014.

M – CD-utgjeving

Korpset har ikkje spelt inn ny CD i 2014, men lanseringa av «GAIA» på BIS, har motteke mange strålande anmeldingar. «GAIA» vart også kåra til årets CD i The British Bandsman, Brass Band World og 4barsrest.

N – Sponsor og støttespelarar

Hovudsponsorar:

EBML har samarbeidsavtalen med Addisco.

Samarbeidet mellom EBML og FLT sitt utdanningselskap Addisco er tufta på felles verdigrunnlag og historie.

Addisco har, som EBML, eit sterkt fokus på rekruttering/vidareutdanning for å auka si medlemsmasse og ynskjer å nytta EBML i sitt arbeid for å synleggjere sitt unike tilbod innanfor etter- og vidareutdanning. I januar spelte EBML konsert for dei uteksaminerte studentane i Addisco sitt eige utdanningsprogram ved Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen. Konserten vart halden i Terminus Hall.

Andre samarbeidspartnarar

EBML vidareførte avtalen med Avis Nordhordland om annonsering. Avtalen utgjør eit betydeleg beløp, og samarbeidet er i tillegg viktig for forankringa vår i lokalmiljøet. Me har vidareført vårt langvarige samarbeid med Reklamehuset og Hageland Eikanger. EBML har også bedriftsavtalar med Knarvik Senter og Musikkmiljø.

Korpset rettar ein stor takk til Unison for eit framifrå samarbeid i året som er gått.

EBML vil takka alle andre bidragsytarar i året som gjekk, små og store verksemder som med annonsestøtte og andre tenester har hjelpt korpset økonomisk.

Støttelaget talde om lag 30 medlemmar ved utgangen av 2014 og mottek medlemsbladet "Brass" 4 gonger om året.

Eikanger-Bjørsvik vart for 2014 tildelt kr. 200.000 i Ensemblestønad frå Norsk Kulturråd.

O – Organisasjonsutvikling

EBML har eit ynskje om kontinuerleg å utvikla organisasjonen og medlemmane. Styret vedtok derfor i 2014 å styrke dette med konkrete utviklingstiltak. Prosessen starta med ei grundig gruppevis evaluering med 3 spørsmål. 1: Kva må forbedrast, 2: Kva har vore bra og 3: Kva er dei viktigaste prioriteringane framover. Ut av denne evalueringa kom visjon, verdiar (som før) og handlingsplan. Dette har vore og er laget sitt viktigaste verktøy for å skapa utvikling framover.

P – Arrangement, prosjekt, konsertar

Eikanger-Bjørsvik har også i 2014 vore aktiv på ulike aktivitetar og nivå. Dei lokale arrangementa har vore Feriespel, sitt-inn med lokale skulekorps, to samlingar med EB-junior, premieshow i samband med KnarvikMila, konsert med Lindås Skulekorps, og konsert saman med Radøy Brass på Nordhordland Folkehøgskule. Andre større arrangement/prosjekt har vore vitnemålsmarkering for Addisco, konsertserien i Bergen og konkurransane.

Totalt har det vore 112 felles samlingsdagar, samt nær 50 samlingar for grupper, og om lag 10 samlingsdagar ifm ungdomsarbeid. Sjå vedlegg for detaljinformasjon.

Q – Sluttord

Styret vil takka alle medlemmar for utmerka innsats i 2014. Ein særleg takk går til støtteapparatet og alle andre som yter meir enn dei eigentleg må for at EBML-skuta skal segla.

Vår faste dirigent Reid Gilje må takkast særskilt for sitt arbeid med stadig å forbetra korpset musikalsk.

2014 var eit godt år for Eikanger-Bjørsvik Musikklag. Vi har planlagt, forberedt og gjennomført flotte konsertar og oppnådd gode resultat i konkurransar. Gjennom dette har vi styrka vår posisjon som LEIANDE. Vi har også vidareutvikla ungdomsarbeidet vårt og styrka dette gjennom vedtak om oppstart av Akademiet Eikanger-Bjørsvik.

Evaluerings- og utviklingsprosessen som vi starta sommaren 2014 har gitt oss retning og prioriteringar. Vi har gjennom denne utvikla VISJON, VERDIER (same som før) OG MÅL. Til å underbyggja desse har vi laga ein handlingsplan som vil vere vårt viktigaste verktøy for vidare utvikling.

Økonomisk har 2014 vore eit underskotsår for EBML, noko som skuldast bortfallet av FLT-avtalen. Framover vil vi arbeida med å finna nye sponsorar samt å vera nøysame på kostnadssida for igjen å bringa økonomien i balanse.

Me ynskjer nye medlemmer velkomne og takkar sær mykje for innsatsen til medlemmer som trer attende.

Styret takkar også for tilliten gjeve av årsmøtet 2014, og ynskjer nytt styre lukke til i sitt arbeid.

Knarvik 13.02.2015

Einar Vaage, leiar

Viggo Bjørge, nestleiar drift

Tore Bryne Berg, nestleiar musikk

Nina Mjanger Eide, styremedlem

Eirik Helland, kasserar

Toril Ones, styremedlem

Frederick Schjelderup, varamedlem

Marit Tømmermo, varamedlem

Ingebjørg Myking, varamedlem

